

LOV OG EVANGELIUM

Gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 1

15. januar 1984

20. årg.

Den som er i Kristus

Dersom noen er i Kristus, da er han en ny skapning; det gamle er forbi. Se, alt er blitt nytt. (2. Kor. 5, 17.)

Den første skapning ble ødelagt ved syndefallet. Det verk som det engang var en lyst og glede for Gud å se på, var nå blitt så sorgelig ødelagt at Herren på menneskelig vis talte som om han *angret* at han hadde skapt mennesket. Men da ga Gud oss «Ordet», «Opphavet til Guds skapning», for at han skulle skaffe fram en ny skapning på jorden — det nye menneske som er skapt etter Gud, slik som ved den første skapelsen i sannhetens rettferdighet og hellighet — skapt i Kristus til gode gjerninger, som Gud har lagt ferdige på forhånd.

Dersom noen er i Kristus, sier apostelen. Hva det vil si og hvordan det går til, har vi sett ofte: Ånden straffer synden hos oss, vantroen, egenrettferdigheten, slik at vi til slutt ikke finner fred og hvile noe sted uten i Kristus og hans rettferdighet. Når sjelen er plaget og drevet slik av Åndens stadige tukt at den til slutt må svøpe seg inn i Kristi rettferdighet og ha sitt alt i ham alene, da kan det sies at den *er i Kristus*.

Og da, sier apostelen, er en også en *ny skapning* — det gamle er forbi, se, alt, alt er nytt. Og dette er den mest åpenbare sannhet i virkeligheten.

Enhver kristen vitner at samtidig med at han fikk liv i Kristus, fikk lys og fred i hans rettferdighet, på samme tid fikk han noe ganske nytt i sitt eget indre, et nytt hjerte og sinn, slik at han nå ser alle ting annerledes: Han fikk en forstand i alle åndelige ting, nytt syn og ny hørsel, ny lyst i hjertet, nye goder og nye sorger, nye mål og nytt arbeid: kort sagt: han har et nytt liv, en hel ny verden for seg — «alt er blitt nytt».

Dette viser seg også i at han får nytt tungemål, åndelig talt, ny tale og ny måte å leve på. Og når det gjelder det *gamle* som enda finnes hos meg, da er jeg kommet i en ny stilling til det: synden, lystene, som før var min glede, er nå min plage og skrekk. Det åndelige og himmelske som før sto for meg som noe kjedelig og fremmed, er nå mitt liv og lyst. Mitt *sinn* er nytt, selv om kjødet, den gamle Adam, alltid blir seg selv lik.

Dette nye som er kommet i mitt indre, er det sterkeste bevis på at det er skjedd

en ny fødsel. For utrykket *fødsel* tyder på noe nytt i selve det indre vesen.

Og Kristus sier: «Uten at noen blir født på ny, kan han ikke se Guds rike.» Og Johannes sier om dem som har tatt imot Jesus: «Guds barn, som ikke er født av blod, heller ikke av *kjøds* vilje, heller ikke av manns vilje, men av *Gud*.» Ved denne nye fødsel av Gud, denne nye skapning, gjenopprettes det Guds bilde som gikk tapt i syndefallet. Det gjenopprettes i de troendes *sinn og ånd*. Men mens vi ennå lever i kjødet, det som er fullt av synd og strider mot Åden, er dette nye bildet enda ikke åpenbart fullkommen i oss. Men det nye menneske som er skapt etter Gud i sannhetens og rettferdighetens hellighet, skal bli befridd fra dette dødens legeme, når Kristus åpenbares, og da «skal vi bli ham lik.»

Nå må enhver prøve seg selv på dette! «Dersom noen er i Kristus, er han en ny skapning.» Hvis du mener om deg selv at du er omvendt og troende, men ikke har fått dette nye sinn, ikke er blitt en ny skapning i ditt indre, da vet du ennå ikke hva den rette tro og salighet i Kristus er. Hele Skriften vitner overalt at den sanne tro fører et nytt sinn, nytt hjerte, nytt forhold til Gud med seg. Det fører med seg lyst til hans lov og seier over verden. Like umulig som det er at ild skulle kunne være utan varme, like umulig kan troen og den nye fødsel av Guds Ånd være der uten liv og kraft. Hvis noen er i Kristus, er han en ny skapning. Dette er helt avgjørende. Flykt ikke bort fra denne sannhet, som du kan prøve deg selv på! Men stå stille og vær ærlig mot deg

selv! Alt Guds ord må æres og sees på med alvor! Det er bedre å oppdage falskheten i sin ånd i tide enn å bli bedratt. Du vet med deg selv om din tro har ført denne forandring i ditt hjerte med seg. Om dine synder og skrøpeligheter er aldri så mange og store, kan du likevel merke om du har det nye sinn. For det første merker du om *Kristus*, *Kristus* er blitt ditt *A* og *Ø*, ditt første og ditt siste, din eneste trøst, ditt daglige behov, slik at du helst vil høre noe om Kristus og det han har gjort. Og for det annet vet du om du av dette har fått en ny kjærlighet og lyst til Guds lov og hans veger. Du vet om dine synder er blitt den verste plague for deg. Se, selv om dine synder og mangler er nokså store, så er dette sinn det sikreste vitnesbyrd om at du er født av Gud.

De dårlige jomfruer kan nok være religiøse, elske Ordet i sin alminnelighet og drive på med gode gjerninger som de har satt seg fore å gjøre; men — det å ha sitt liv og sin lyst i Kristus og hans nåde, det helst å høre og tale om Kristus og syndenes forlatelse, det finner du ikke hos dem.

C. O. Rosenius.

Brev til deg som er ung

Fra Olav Valen Senstad

DI TRU

Dette skal vera det siste brevet frå meg denne gongen. Eg vil seia deg nokre ord om trua. Og det er serleg to ting eg vil streka under.

For det fyrste: Ikkje noko menneske er utan tru, alle har ein eller annan slags tru. Det er ikkje berre kristne menneske

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt til alle som sender eksp., namn og adr.

Bladet blir halde oppe av frivillige gäver.
Eksp.: O. Dyrøy, 5620 Tørvikbygd.

Telefon (055) 58363

Alt som har med bladet sin eksp.
blir sendt dit, som tinging, oppseing
og adresseforandring.

Gäver til bladet kan sendast kass. S. Böhn
Postgiro 5 68 21 33.

Red. Amund Lid, post 5600 Norheimsund.
Tlf. (055) 51 080.

Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Form. Ragnar Opstad

Opstadv. 38, 4350 Nærøbø Telf. 04-433685.
Kass. Sverre Böhn, 5601 Norheimsund.

Postgiro 5 68 21 33. Bankgiro 3530.21.00932.

ØYSTESE TRYKKERI A/S

Når dette er så, tenkjer eg du skjørnar
kor useieleg viktig det er for eit menneske
kva det trur.

Vi kristne trur ikkje på menneske, ikkje
på tankesystem, ikkje på politiske
program, ikkje på uordna kjensler, ikkje
på alle slags innfall. Vi trur ikkje på
vidgjetne menn og dyrkar ikkje menneske
som dei var gudar.

Heile løyndomen i trua vår er og vert
denne: *vi trur på Jesus Kristus* — på ein
levande person, på han som gjekk ikring
i Jødeland for 2000 år sidan, på han som
leid og døydde og sto oppatt, og som difor
lever med oss i dag. «Eg veit kven eg
trur på», sa apostelen Paulus. Og det same
gjeld for oss kristne i dag: *Vi veit
kven vi trur på*. Vi har ikkje ei laus tilfel-
dig tru. Vi har ikkje ei sjølvlagda og opp-
dikta tru. Vi godtek ikkje alt som surrar
om øyro på oss frå aviser og blad, radio,
propaganda og litteratur.

Vi trur på Jesus. Vi trur at han er San-
ninga, som har sagt oss sanninga om både
jordiske og himmelske ting, om både
timelege og evige. For vi trur at han tala
sant då han sa om seg sjølv at han er
Guds Son, at han var komen ned til jord
frå fanget åt Faderen. Vi trur at han er
det einaste sanne Gudmenneske på jorda.
Når vi trur på han, trur vi ikkje berre
på eit menneske. Vi trur på Gud, på den
Gud som openberra seg i kjøt ved at han
vart eit menneske. Difor trur vi berre
han gjev sanne og rette svar på sjela sine
spørsmål. Han er den store, evige auto-
riteten vår.

Vi trur at der er ein evig, treeinig Gud
— fordi han har sagt det og openberra
det. Vi trur at der er ei heilag, guddom-

som trur noko. Heidningane og trur noko,
endå om dei ikkje trur på Jesus.
Kommunistane trur noko, nasistane
trudde noko, vitenskapsmennene trur
noko, muhammedanarane trur noko,
fritenkjarane trur noko, gudsfornekta-
rane trur noko, o.s.v.

Alle menneske trur noko. I så måte er
det altså ikkje så stor skilnad på kristne
og ikkje kristne: alle trur eitt eller anna.

For det andre: eit menneske vert forma
av trua si. Den som trur at det ikkje
finst noko Gud, vert merkt av verda si
ånd og verda sitt vesen. Den som trur at
det ikkje finst nokor udøyeleg sjel, vert
jordvend og sanseleg. Den som ikkje
trur at det finst noko evangelium frå
Gud, berre lov, vert merkt av fariseisme
og eigenrettferd. O.s.b. Og på same må-
ten, den som trur på Jesus, vert merkt av
det i heile karakteren og tenkjemåten
sin.

leg lov vi skal leva etter — fordi han har sagt det. Vi trur og at der er eit heilag, guddomleg evangelium — fordi han har sagt det.

Men meir enn det. Vi trur og at der er ei evig fortaping borte frå Gud, og vi trur at der er ei evig og fullkommen frelse til evig liv hjå Gud. Vi trur at mennesket har ei udøyelag sjel, og at kvar einaste av oss skal stå til rekneskap for den levande Guds åsyn.

Dette trur vi fordi Jesus har openberra det. Derfor vinglar vi ikkje hit og dit utan å vita kva vi skal tru. Dei som avviser Jesus, kan nok ha ei tru. Men dei har dårlege og ustøe grunnar for trua si. Og difor veit dei ikkje kva dei skal tru. Snart trur dei det er ein Gud, snart trur dei det ikkje. Snart trur dei Gud styrer alt, snart trur dei han styrer ingenting eller berre nokre få ting.

Vi veit kven vi trur på, og vi trur på Jesus Kristus. Difor kviler alle grunnar i trua på han åleine. At han har sagt det, er evig nok for oss. For han laug aldri noko menneskeleg, og av det ser vi og at han ikkje laug i noko guddomleg.

Han har sjølv sagt: Himmel og jord skal forgå, men mine ord skal aldri forgå. Og han har sagt: Dei ord eg har tala til dykk, er ånd og liv.

Difor må og denne trua på han setja merke på oss — anten vi veit og vil det eller ikkje. Dersom vi lever i trua på han, så vert vi stendig meir og meir forma og dana for Guds rike. Og får vi ha denne trua på han, så fullendar vi laupet vårt, og går inn til det evige livet — der skal vi få livsens krone.

Den som tek Jesu ord inn i hjarta og sinnet sitt og lever etter dei, vert meir og meir forma og dana til å likna Jesus. Då får vi nok freista noko av Jesu kår i verda: vi vil verta vanvyrde, kanskje beint fram forfylgde. Men vi vil og, etter hans eigen lovnad, få del med han i herlegdomen hans.

Hugs difor på, kjære ven, at her i verda vandrar vi i tru, utan å sjå. Jesus er openberra så vi skal kunna vandra her i verda i trua på han. Og den vandringa i tru er ikkje vanskeleg om vi heldt oss til hans ord. For hans ord gjev åndeleg liv og kraft så vi kan vandra livet igjennom, vera støe og trufaste mot Gud og halda ut i livsens strid som om vi såg den Usynlege.

Difor seier Johannes: Sjå kor stor kjærleik Faderen har synt oss at vi skal kallast Guds born. Og det er vi. Vi er Guds born ved trua på Jesus Kristus.

Men den som vandrar på jorda i tru, skal ved fullendinga i Himmelén få sjå. Vi skal mettast ved å sjå hans åsyn, seier lovnaden. «Når han vert openberra, då skal vi verta hans like, for vi skal sjå han som han er», seier ein annan lovnad.

Kvar i heile verda finn du ei tru som er så velsigna med Guds lovnader som trua på Jesus? Sanninga er: all anna tru er tom og endar i tomleik og ingenting, trua på Jesus har lovnader både for det livet som no er og og for det som kjem. Difor lovar vi Guds Heilage Ande som verkar trua i hjarto våre, og held oss opp i denne trua til vi vert evig sæle ved henne.

Kva kan eg gjera so eg kan vinna æveleg liv?

Det er nok fleire som har spurt som denne unge rådsherre. Fleie enn vi anar, tenkjer slik i unge år. Men for dei fleste, vert det bare meir eller mindre med eigne tankar. Lengsla og tankar som døyr i kameratflokk og i denne verda. Det er alvorleg å sjå mengda på denne veg. «For denne verdens gud har blinda hugen å dei vantruande, so ljoset frå evangeliet um Kristi herlegdom, Jesus, han som er Guds bilet, ikkje skal skina for dei.» 2. Kor. 4,4. Andre stoggar litt for livets alvor og vil gjerne ha svar på evighets spørsmålet. Det som då ligg nærest her, er som ordet seier:

«Kva skal eg gjera?» For alle veit på ein måte at dei har mista noko. Dette eg då har mista, må eg finna att. Kva har so menneskeslekt mist? Rom. 3,10–18 talar klart om det. «Ingen rettferdig, ingen som søker Gud, ingen otte for Gud har dei for augo.» Eit slikt menneske må vera dødt, ikkje noko mindre. Men det trur ikkje menneske utan å gjera erfaring av det. Det som må til for å koma i rett forhold til Gud må eg gjera, for det står jo skrive. «Be so skal du få, leita so skal du finna, banka på så skal det latast opp for dykk.» Så vert det bøn om kraft og hjelp til dette å leva som ein kristen. Kan eg berre få skikk på livet, då må det vera i orden ogso hos Gud. Ofte kan ein koma langt på den veg.

Då Jesus viste den unge mann lovens krav og bud kunde han seia: «Alt dette har eg halde frå eg var ung.» Ein kan koma so langt som vi les i Mat. 7,22.

«Herre, Herre! hev me ikke tala profetord i ditt namn, og dreve ut onde ånder i ditt namn, og gjort mange under i ditt namn? Då skal eg seia dei beint ut: Eg hev aldri kjent dykk.» Her var vel både liv og læra i orden, men det strakk ikkje til.

Kva var årsaka? Det er ikkje det som lova kan virka i menneskelivet som gjer oss rettferdige for Gud. Nei, det er ved tru åleine. Dei vert rettferdigjorde ufortent av hans nåde ved utløysinga i Kristus Jesus. For me heldt føre at menneske vert rettferdigjort ved tru, utan lovgjerninger. Rom. 3, 24–28. Sidan vi no er rettferdigjorde av trua, hev vi fred me Gud, ved vår Herre Jesus Kristus. Rom. 5,1.

Eg aktar ikkje Guds nåde for inkje, for dersom rettferd er å vinna ved lova, so døydde Kristus utan grunn. Gal. 2,21.

Nei, Kristus den salvede døydde ikkje utan grunn. Det var denne verda sin død han tok på seg i vår stad. Mennesker får aldri frelsa ved å vera, gjera, lengta eller å arbeida med seg sjølv. Men berre ved å høyra, tru og ta imot det ordet vitnar om Jesus, stedfortredaren. For Kristi kjærleik tvingar oss, meddi me hev gjort opp med oss sjølve at ein døydde for alle, difor hev dei alle døytt, og han døydde for alle, so dei som lever, ikkje lenger skal leva for seg sjølve, men for han som døydde og stod oppatt for dei. 2. Kor. 5,15.

Kva vil det seia å leva for han som døydde for oss? Det er ingen ny lov, det

er ikkje eit krav som må oppfyllast av oss. Men so lenge eit menneske er under lova, vert også evangeliet gjort om til lov. Dette er menneskeslekta si store ulukka.

Frå slike menneske er det dei fem dårlege møyer veks fram, og all religiøsitet, og naturleg kristendom. Der evangeliet når til hjarta, vert livet Kristus. Det vert ein ny skapning, det gamle hev forgjengest, sjå alt hev vorte nytt. Men alt dette er av Gud, som forlikte oss med seg sjølv ved Kristus, so han ikkje tilrekna dei misgjerningane deira, og la forlikssordet ned i oss. 2. Kor. 17—19.

Difor står det evig fast: Frelse får ein ved å høyra, tru og ta imot ordet om Jesus. Det gjev æveleg liv, fullkommen rettferd, og fred med Gud.

Den unge rådsherre kunde ikkje seia frå seg alt sitt eige. Han hadde det som dei fleste gjerne vil eiga, eit fint menneskeliv og mykje pengar. Men denne skatt var ikkje nok, sel alt du har og gi det til dei fatige, so får du ein skatt i himmelen, kom so og følg meg! Han høyrdde, men hans eige var so kjært. Han gjekk sturen bort, med vantrua sin skugge over andlet og hjarta. Han såg seg

sjølv bare i forstanden og sin kunnskapsljos.

Det same møter vi og i Johs. 8 der folket seier: «Vi er Abrahams ætt, vi har Abraham til far, vi har ein far og det er Gud. Midt i all den rikdom, synda sine trælar, som viste i frå seg han som kom for å løysa oss ut av syndestand og lovens band.

Denne mann som Peter møtte då han sa: Gå frå meg eg er ein syndig mann, og som han seinare vitna om: «For de veit at de ikkje med forgjengelege ting, sylv eller gull, vart frikjøpt frå dykkar dårlege ferd, som de hadde ervt i frå fedrene, men med Kristi dyre blod som blodet av eit ulastande og lytelaust lam — de som er etterfødde, ikkje av forgjengeleg, men uforgjengeleg sæde, ved Guds ord, som lever og varer.» 1. Pet. 1. 18—23.

Der ordet om frikjøping og blodet vert motteke, der må all gjerning, og ei-ga rettferd vika. Det skaper i menneskehjarta eit nytt liv, som er det evige liv. Født av Gud som er i ordet. Slik får vi livet, og berre på denne grunn vert vi bevart i livssamfunn med Jesus til vi når himlen.

Odd Dyrøy.



Synda og dens fylgjer, og veien ut av den

(Matt. 18, 21—35)

I dette Peters spørsmål til Jesus, og svaret Jesus gjev han, er der blant anna tre viktige og dagsaktuelle ting der er tale om som me treng tenkja over. Den første er synda og dens fylgjer, og for det andre viser Jesus den einaste vegen ut frå synda og dei forferdelege fylgjer den er årsak til, for det tredje talar Jesus om korleis me skal vera og handla mot dei som syndar mot oss.

Når det gjeld synda og dei fylgjer den har for oss, så har me vel alle våre erfaringar frå det korte eller lange liv me har levt. Og me vil nok vera samde med songaren: «Når jeg betenker de mange år, som jeg i synden har levet, finnes så mangt et syndesår, dybt i erindringen skrevet.»

Først må me spørja: Kvar kjem synda frå, eller kva er årsaka til at menneske syndar, syndar mot Gud og mot kvarandre! Då vil nok mange meina at årsaka er det miljø me veks opp i, eller den vanskelege stoda me var komne i. Andre vil nok meina at årsaka ligg hjå andre menneske som freista og lokka, eller slik dei var mot oss, hadde dei ikkje gjort det og det og vore slik dei var, så hadde me ikkje synda. Atter andre vil nok meina at årsaka var den vanskelege og fortvila stoda me var komne i, anten økonomisk eller på annan måte. Ja, slike ting, og mange fleire, er nok medverkande årsaker, men det er ikkje sjølvé årsaka til at me menneske syndar.

Jesus seier at synda kjem frå menneskehjarta. (Matt. 15,18.) Synda kjem frå menneskehjarta, går ut frå munnen, og gjer menneske ureint, som vonde tankar, manndrāp, ekteskapsbrot, lauslivnad, tjuvskap, range vitnemål, gudspotting. Og vil du vita meir kva som lever i menneskehjarta og kjem ut derifrå, så les 2. Timot. brev 3, 2—5 og Galat. 5, 19—21. Nemna må me og den gru av synd du høyrer om i radio, ser i fjernsyn og andre massemedia, og der du lever ser av deg sjølv og andre menneske, alt saman har sin opprinnelse og kjem frå det vonde menneskehjarta, som er vondt frå ungdomen av.

Synda er färleg, mykje färlegare enn atombomba som kan drepa lekamen. Synda har ført oss inn under Guds vrede, inn under Guds dom og forbanning, og synda si løn er døden og ei evig fortapping som var tilbudd for djevelen og hans englar.

Det er ikkje slik som menneske tenkjer, at den som *gjer* synd blir ein syndar. Bibelen lærer klart at me er fødde syndarar, med syndars natur, *difor gjer me synd*. Det er årsaka til at Gud har gitt oss sine bod og si lov, for å åtvara og halda synda i age så det kan bli levelege kår på jorda, og det er også årsaka til at samfunnet gjev lover for å halda synda i age og verna liv og eigedom. Og i vår tid har dei hendene fulle og står ganske makteslause, synda tek overhånd på alle område.

Og synda er ikkje utan fylgjer, det ser me frå 1. Mosebok 3. kap. Menneska blei sett på prøve, og Eva tok ei frukt på eit tre Gud hadde forbode dei å ta av, og ho gav Adam med seg og han åt. Synda kom inn i verda ved eit menneske — Adam, og døden ved synda, for Gud sa til Eva: For et de av frukta skal de døy. Og det gjekk som Gud sa, synda og døden trengde seg inn i menneskeslekta, av di alle synda. Frå den tid er alle menneske fødd vonde, fødd som syndarar og difor syndar me mot Gud og kvarandre, og fylgjene uteblir ikkje. Det viser livet i heim og samfunn. Synda er grufull, både den openberre, og den skjulte som berre Gud ser, og den sårar og skil og set fiendskap millom menneske, i heim og samfunn. Men verst av alt er at den skil millom oss og Gud, fører til eit liv i lidning og død, og når syndemålet er fullt kjem domen og fortapinga.

Men Jesus viser her i ordet veien ut frå synda og dens forferdelege fylgjer, den einaste veien som finst.

Synda kan ikkje gløymast, slik menneske vonar og trur. Om me gløymer så gløymer ikkje Gud, ein dag vil me stå ansikt til ansikt med synda vår, og då framfor den heilage og rettferdige Gud.

Synda kan heller ikkje sonast eller gjerast god att av oss, me kan ikkje svara Gud eitt til tusen av vår ubetalelege skuld. Det finst berre ein veg, og det er *tilgjeving ved nåden i Kristus Jesus*. Jesus tok verda si synd på seg, sona den ved å gi sitt liv og blod i døden på krossen. Ved dette offer vann han seg rett til å tilgi synder på jorda, og gjera den rettferdig som har trua på Jesus. På Golga-

ta reiste Gud ein *nådestol i trua*, der syndarar av alle slag finn miskunn og får nåde og tilgjeving for alle sine synder.

Men for å få tilgjeving er avhengig av to ting: Først at den me har synda mot er villig å tilgi og klarar å tilgi. Dette har Gud vist ved å senda Son sin i døden for oss, og Jesus viste oss under sitt jordeliv at han var villig til å tilgi alle syndarar som kom til han, røvarar og horkvinner. Det har han vist oss ved likninga om den bortkomne sonen i Luk. 15. Faren som tok imot og tilgav den bortkomne, er billete på Gud — eller om du vil på Jesus. Dette skulle visa at kven du så er, og kjem til Jesus med di synd, vil du møta ein frelsar som elskar deg så han gav livet for deg, ein frelsar som kan og vil og har rett til å tilgi deg alle dine synder. Og når Gud tilgir, kjem han aldri syndene meir ihug, dei er kasta i «glemselens hav», dei er borte som skya og skodda når sola kjem.

Det andre som er ein forutsetning for å få tilgivelse, er at ein ser og erkjenner si synd, at ein er skyldig til døden for syndene mange. Den som ikkje ser og erkjenner det, han treng inga tilgjeving, og heller ingen frelsar. Ser du ikkje det, er det inga onnor råd enn å sjå seg i Guds spegel, i ljuset frå Guds ord. Der lærer du sanninga å kjenna, og sorga etter Guds hug, den som virkar omvending til frelse som ingen angrar, vil driva deg til han som elskar og tilgir syndaren.

Det tredje som ordet ovanfor talar om, er korleis me skal vera imot dei som syndar mot oss. I likninga om denne tenaren som fekk heile si store og ubetalelege skuld tilgitt og ettergitt av nåde,

men som ikkje kunne tilgi medtenaren si vesle skuld, svara Jesus på Peters spørsmål: Kor mange gonger skal eg tilgi bror min når han syndar imot meg? Så mange som sju gonger?

Ikkje sju gonger, men sytti gonger sju gonger, det vil seia at så lenge han kjem og seier: Eg har synda imot deg, kan du tilgi meg? Jesus viser oss gjennom dette at me må få eiga eit hjarta som tilgir, eit tilgivande sinn. Har ikkje Guds nåde og tilgivelse natt til hjarta og skapt eit nytt hjarta som kan tilgi og har fenge del i Jesus sinnelag, vil me aldri bli verande i samfunn med Jesus. Som det gjekk denne hardhjarta medtenaren, slik skal og vår himmelske Far gjera med dykk, om de ikkje av hjarta tilgir kvarandre. Ingen kan liva med Gud utan eit tilgivande sinn. Der ei bitter rot, eller eit bittert sinn lever, vil det føra til at me dreg oss unna frå Guds nåde, og den vil skada både oss sjølv og smitta andre, seier Hebr. 12. kap.

Som kristne vil me nok møta stunder då me spør som Peter, serleg når me lever saman med slike som har arva eit vanskeleg sinn og ofte fell i dei same syndene. Då hjelper det å tenkja på Jesu ord til Peter, det vil hjelpe oss og når andre treng hjelp. Då må eg spryrje meg sjølv: Hadde du vore hjelpen med at Jesus tilgav deg sju gonger?

Ein gong møtte eg ei ulukkeleg sjel, som fall i same synda igjen og igjen, og ikkje våga gå til Jesus å be om tilgjeving fleire gonger. Då var det godt å visa til Peters spørsmål og Jesu svar, og så spurde eg: Trur du Jesus lever etter det han sjølv sa til Peter? Då såg eg kor Ijoset braut fram i augene. Ho såg og trudde. Gjer du likeins, gå frimodig til han som har rett til å tilgi synder på jorda. Der han som er verda sitt ljos kjem inn, der må myrkret og det vonde vika.

Amund Lid.

Han blir forlatt av mennesker

Av David Hedegård

«Foraktet var han og forlatt av mennesker.» Slik står det i Es. 53,3, det kappitlet i Det gamle testamentet som så anskuelig beskriver Frelserens lidelse. Han var foraktet, hånt og spottet, men han var også forlatt av mennesker, til og med av dem som sto ham nærmest. Da fienden hadde grepet ham i Getsemane, sto ingen av disiplene ved hans side. Ingen fulgte ham på veien til rettsaken,

ikke en eneste sto fram for å forsvere ham verken for «det høye råd» eller for Pilatus. Ingen gikk på hans side på veien til Golgata. Alle forlot ham. Aldeles ensom gikk han sin vei gjennom fornedelsen og skammen ut til korset på Golgata.

De som hadde lovet ham troskap svek ham

«Da forlot alle disiplene ham og flyd-

de.» Med disse ordene slutter beretningen om det som hendte da Jesus ble pågrepet av fiendene i Getsemane. Visst hadde Peter gjort et klosset og mislykket forsøk på å forsvare Jesus, men snart ble han også overmannet av frykt og tok til flukten.

Peter og de andre disiplene hadde like før forsikret at de var beredt til å gå i døden for ham — nå flyktet de feigt sin vei. La oss nå først tenke etter hva det virkelig innebar at de var hans disipler. Når man hører ordet disippel, skulle man kanskje tro at det er tale om et menneske som har valgt Jesus til sin lærer og leder som forsøker å lære av hans eksempel og innrette sitt liv etter hans forskrifter. Hvis man studerer Det nye testamente, finner man imidlertid raskt ut at en slik oppfatning av disippelnavnet er helt feilaktig. For det første var det ingen som ble en Jesu disippel fordi han hadde fått den idéen at han burde velge Jesus til sin lærermester. Disippelkåret begynte alltid med Jesu kall. De som i Det nye testamente kalles disipler, visste med seg selv at de ved en bestemt anledning var blitt kalt til å følge Jesus. For det andre står disippelen i et sær-egent personlig forhold til Jesus — en disippel er et menneske som tror på Jesus. Og det innebærer at han har overgitt seg helt til Jesus, med alt han er og alt han har, stilt seg helt og holdent til hans disposisjon. «Således kan da ingen av dere være min disippel uten at han overgir alt det han eier.» (Luk. 14,33.) Jesus sier også at «den som ikke bærer sitt kors og følger etter meg, han kan ikke være min disippel.» (Luk. 14,27.) Å

følge Jesus er å dele hans lodd, og det å bære hans kors er å gå sammen med troen på Jesus. Det er altså en forutsetning at enhver Jesu disippel må utstå lidelser for Jesu skyld.

Å være en Jesu disippel er det samme som å være en kristen — det sies uttrykkelig i Ap.gj. 11,26. Hvis jeg vil være en kristen, må jeg altså spørre mig selv: Har jeg tatt i mot Jesu kall? Har jeg overgitt hele mitt liv til ham, uten å holde noe tilbake? Og bærer jeg villig hans kors?

Det har vært sagt at dette korset har en dobbelt karakter: det ytre kors og det indre kors. Det ytre kors er ytre lidelser for Jesu skyld. Denne slags lidelse kan variere; en kristen får mer av det, en annen mindre. Det indre kors er derimot «kjødets», den syndige naturs korsfæstelse, og det korset må enhver kristen bære. Å være en kristen er å dø, dø bort fra den onde, gudfravendte, selviske natur.

Peter og de andre disiplene hadde begynt rett i sitt disippelkår. De kunne si at det hadde forlatt alt og fulgt Jesus. (Matt. 19,27.) Det er godt om vi også har begynt vårt kristenliv, blitt rett omvendt og overgitt hele vårt liv til Jesus. Men det er ikke tilstrekkelig med en rett begynnelse. Det er også nødvendig å leve et liv i samfunn med Frelseren og følge ham og villig bære hans kors.

I enhver kristens liv vil det komme anledninger da hans troskap mot Herren settes på prøve. De første disiplene ble satt på en slik prøve i Getsemane. De besto dårlig — alle forlot ham og flyktet.

Et av hans utvalgte sendebud ble en forræder

Judas gikk i spissen for dem som grep Jesus. I evangeliene blir han om igjen og om igjen betegnet som «*forræderen*». Hans forræderi må ha bestått i at han hjalp fienden til å finne en høvelig anledning og et høvelig sted, der de kunne gripe Jesus. Men hvordan var det mulig at Judas kunne bli en forræder?

Han var jo en av Jesu apostler, en av de tolv som Jesus selv hadde valgt seg ut til et ganske enestående oppdrag. De skulle være sendebud med hans fullmakt; de var utrustet med hans egen myndighet. Han hadde sagt til dem: «Den som tar imot dere, tar imot meg, og den som tar i mot meg, tar imot ham som sendte meg.» (Matt. 10,40.) I den kristne kirke har man alltid visst at apostlene hadde til oppdrag å forkynne Kristi ord. Derfor har man aldri satt noe skille mellom Jesu ord i evangeliene og innholdet i apostlenes brev i Det nye testamentet — for også apostlenes ord er Jesu Kristi ord. Hvordan kunna da Judas, som hadde fått et så viktig oppdrag, bli en forræder?

En ting er sikkert: Også han begynte rett i sitt disippelkår. Han tok imot Jesu kall, han forlot alt og fulgte Jesus. Fra først av var han en oppriktig Jesu disippel. Det nye testamente sier uttrykkelig at han *ble* en forræder (Luk. 6,16.) Han var det ikke fra begynnelsen. Men det er en ting å begynne sitt kristne liv, og noe annet å bli bevart i troen til man når fram til det evige målet hos Gud.

I vår katekismeforklaring finnes spørsmålet: «Hva må det troende men-

neske gi akt på for å bli bevart i troen?» Og svaret lyder: «Han skal forblí ved Herrens ord, våke, be og stride og bruke den hellige nattverd etter sin Frelsers anvisning.» Først sies det altså at den troende skal *forblí ved Herrens ord*. Han skal høre det, lese det, la seg undervise av det, vises til rette og tuktes av det. For det er først og sist gjennom Guds ord at Den Hellige Ånds verk skjer i den troende.

Det nye testamente gir oss ingen tydelig og direkte beskjed om årsaken til at Judas ble en forræder. Men vi har all grunn til å tro at hans fravall skyldtes at han forsømte å ta imot Jesu undervisning. Da han en gang ble disippel hos Jesus, trodde både han og de andre disiplene at Jesus skulle opprette et ytre rike, et rike i politisk forstand. Ut fra Jesu undervisning ble det imidlertid mer og mer klart at hans rike ikke er av denne verden, at hans rike, som apostelen Paulus sier, er «rettferdighet og fred og glede i Den Hellige Ånd». (Rom. 14,17.) Vi har god grunn til å tro at Judas vegret seg for å ta imot denne undervisning. Han ble skuffet over Jesus og opprørsk i sitt sinn.

Denne sinnsstemning benytter fristeren seg av. «Satan fór inn i Judas med tilnavnet Iskariot», skriver evangelisten Lukas (22,3). Judas hadde åpnet døren for fristeren, og når et menneske lar fristeren få makt over seg, da strømmer det inn i hans indre verden en atmosfære fra avgrunnen. Hans omdømme fungerer ikke normalt lenger. Han ser ikke lenger at synden er avskyelig, og han blir grepst av et brennende begjær etter det som

Gud har forbudt. Judas lot seg overveld av begjærrets makt, og så solgte han Frelseren for tretti sølvpenger. Jesus advarte ham like til den siste natten, men Judas tok ikke imot advarselen. Først da han så at Jesus var dømt, våknet han opp av sin rus, men da var det for sent.

Når vi overveier det som hendte med Judas, går tanken uvilkårlig til nr. 474 i Sangboken:

Våk, o sjel, og bed!
deg til kamp bered!
Fristeren kan legge snaren
hvor du minst formoder faren,
sådan er hans sed.
Våk, o sjel, og bed!

*Den fremste bekjenneren
ble en fornekter*

Da Peter en gang fikk Jesu kall, forlot han alt og fulgte Jesus. Han bekjente altså for alle mennesker at han hadde blitt en Jesu disippel. Han var også apostelflokkens talsmann som på egne og alle de andre apostlenes vegne bekjente: «Du er Messias, den levende Guds Sønn.» (Matt. 16,16.) Denne bekjennelsen er selve grunnsannheten i vår kristne tro: vi har en Frelser som samtidig er både et sant og virkelig menneske og Guds evige Sønn.

Peter bekjente altså sin tro på Jesus. Bibelen lærer oss også både klart og bestemt at troen på Jesus må gi seg utslag i bekjennelse. Jesus sier: «Hver den som kjennes ved meg for menneskene, ham skal også jeg kjennes ved for min Fader i himmelen.» (Matt. 10,32.) Og han legger til: «. . .men den som fornekter meg for menneskene, ham skal også jeg for-

nekte for min Fader i himmelen.» Han sikter også på bekjennelsen når han taler om lyset og skjeppen: «En tennen heller ikke et lys og setter det under en skjeppe, men i staken: så skinner det for alle i huset.» (Matt. 5,15.)

Jesus viser altså at troen på ham må gi seg utslag i bekjennelse. Man kan ikke være en kristen i dypeste hemmelighet uten at noe menneske vet om det. Den levende tro må altså med nødvendighet komme til uttrykk i bekjennelse. En tro som ikke ytrer seg i bekjennelse, er ingen tro. I Romerbrevet skriver Paulus: «For dersom du med din munn bekjenner at Jesus er Herre, og i ditt hjerte tror at Gud oppvakte ham fra de døde, da skal du bli frelst; for med hjertet tror en til rettferdighet, og med munnen bekjenner en til frelse.» (Rom. 10, 9—10.)

I første omgang er det altså spørsmål om en bekjennelse med munnen, men det er opplagt at troen på Kristus også skal prege vårt liv. «Jeg så en preken i atten år, og da kunne jeg ikke stå imot lenger.» Slik bekjente en mann som etter lang tids motstand ga seg over til Gud. Det har ofte vært sagt om den kristne misjonen i de første århundrene at det var få egentlige misjonærer, men at hver kristen som levde i samsvar med sin tro i virkeligheten var en misjonær.

Vi nevnte at under Jesu jordeliv hadde Peter stått som bekjenneren framfor alle andre. Men nå leser vi altså her i det andre avsnittet av tredje akt at han ble en fornekter. Han sto ute i gårdsrommet mens Jesus sto fram for ypperstepresten inne i palasset. Tre ganger fornekket han Herren. Til slutt svor han med en ed at

han aldri hadde kjent Jesus. Hvordan kunne noe slikt skje?

Det kan sies mye til svar på det spørsmålet. Peter kjente ikke sin svakhet, visste ikke at han var feig, redd for å lide og tilbøyelig til å grip til usannhet. Gjennom sine nederlag lærer en Jesu disippel å kjenne sin synd, sin svakhet. Peter slo også inn på en vei som han ikke var kalt til å slå inn på, da han gikk inn i yppersteprestens gård. For der blandet han seg med en flokk som ikke kjente Jesus, og der ville han være anonym.

Det kunne være mye å si om alt dette, men det er viktigere at det som vi nå har sagt om årsaken til Peters fornekelse, også får tale til oss, vi som nå vil være Jesu disipler. Bekjenner vi virkelig Jesu navn, bekjenner vi det i ord og gjerning? Har vi tiet i feighet der vi burde ha talt? Ja, mange ganger. Og hvordan er det med vårt liv — står det i samsvar med vår bekjennelse? Det ble en gang sagt om en kristen bekjenner: «Det den mannen er, taler så høyt at jeg ikke hører hva han sier.» Sikkert er det at vi alle har mye å gråte over når det gjelder bristene i vår bekjennelse og i vårt liv.

Beretningen om Peters fornekelse sluttet med å nevne at Jesus vendte seg om og så på Peter, — et blikk fylt av dyreste smerte. Peter gikk ut og gråt bitterr. Den store hjerteransakeren ser også oss, vil lære oss å kjenne vår synd. Men også mer enn det: Han har sonet vår synd, også vår feighet og fornekelse, og derfor kan og vil han løse oss fra synden og utgyte sin Ånd over oss, den Ånd som også gir ny kraft til å bekjenne Jesu navn.

Men først og sist gir beretningen om Judas' forræderi og Peters fornekelse oss anledning til syndsbekjennelse:

Kom, o Jesus, kom og se
en som syndet såre,
føyet torner til din ve —
å, de torner hårde!
En som til din byrde svar
lagde egen brøde,
dine kleder merke bar —
å, de synder røde!

(Landst. 309, 3)

Fra «Smertenes mann.»

Ransaking på Guds ord

— *Men dømde vi oss sjølve,
vart vi ikkje dømde.*

1. Kor 11,31

Livet vårs skal dømast på Guds ord, ikkje på det menneskeord eller eigne tankar måtte seia. Kristne menneske kan til tider ha lett for å døma kvarandre, utfrå dei mål og meininger ein har i seg sjølv. Og vi ser splinten i broren sitt auga, men bjelken i vårt eige vert vi ikkje var. Difor er det at apostlane seier, at dømde vi oss sjølve, so vart vi ikkje dømde. Då visste vi ikkje skilnad på rett og galt. Guds ord syner oss veg, det syner oss tankar og råd til hjelp for tid og æve.

Rett ransaking for ein kristen er difor ransaking på Guds ord. Men dette ordet ikkje berre dømer oss: Det er eit ord til frelse. Det er vår store trøyst.

aumo



**For so sant som me trur at Jesus døydde og stod opp att,
so skal og Gud ved Jesus føra dei avsovna saman med han**

(*1. Tessal. 4,14.*)

Lat oss ikkje tru at sjela sør i ubevisstheit! Jesus sa til røvaren: I dag skal du vera med meg i Paradis, og det er hans ord til alle Guds barn. Dei som er sovna inn i trua på Jesus, deira sjel er for Guds truna og prisar han dag og natt i hans tempel, og syng halleluja for han som tok bort deira synder ved sitt blod. Men lekamen sør i jorda under det grøne teppe til oppstoda sin morgon.

Det vert sått ein naturleg lekam, seier Guds ord, og det skal stå opp ein herleggjort lekam. Salige er dei døde som dør i Herren, dei skal kvila frå arbeidet sitt, men gjerningane deira skal fylgja dei. Openb. 14,13. Dei var slitne, sjuke og trøytte, og mange av dei gamle og skrukute, og «her gikk de under stor forakt, men se dem nu i deres prakt». Skrifta fortel at det finst himmelske lekamar og jordiske lekamar, men ein herlegdom gjev dei himmelske, ein annan dei jordiske. Ein glans hev sola, og ein annan månen, og ein annan stjernene. For den eine stjerna skil seg frå den andre i glans. Soleis er det med oppstoda frå dei døde. Det vert sått i forgjengelegdom, men står opp i uforgjengelegdom; det vert sått i vanæra, det stend opp i herlegdom; det vert sått i vanmakt, det stend opp i kraft; det vert sått ein naturleg lekam, det stend opp ein åndeleg lekam. Like visst som det finst ein naturleg lekam, so finst det og ein åndeleg lekam. (1. Korint. 15, 40—44.)

I naturen finst eit fint bilet som kastar ljos over denne sanninga. Silkeor-

men er ein utanseeleg orm som kryp på jorda, og lever av det som jorda har å gi ved morbertreet. Den endar sitt første jordeliv innkapsla i ei puppa som ligg her i støvet. Men når våren kjem vekkjer Gud han opp og gjev han ein ny og vakker skikkelse som sommarfuglen med sine vakre fargar. Då kryp han ikkje lengre omkring på jorda, men flyr i sola under Guds himmel, med ein heilt ny skikkelse og under heilt nye forhold. Gud som har skapt og har omsorg for silkeormen, liljene på marka og fuglane under himmelen, skulle han så ikkje kunna ha omsorg for dykk, de fåtruande, sa Jesus, for de er mykje meir enn dei. Han som skapte oss i sitt bilet, og gav oss ein jordisk lekam som ingen kan gjera han etter, han er også mektig til å reisa oss opp frå grava og gi oss ein herleggjort lekam. Han som etla oss til å likjast biletet av son hans, han er også mektig til å fullføra verket og gjera oss lik med Jesus på oppstoda sin morgon. For so sant som me trur Jesus døydde og sto opp att, so skal og Gud ved Jesus føra oss som sovna inn i trua på Kristus saman med han. Og det verket gjer han ved Jesus, står det. Når Jesus Kristus, vårt liv, vert openberra, så skal me openberrast med han i herlegdom.

Men det seier eg, brør, at kjøt og blod kan ikkje erva Guds rike, ikkje heller erver forgjengelegdom uforgjengelegdom. (1. Kor. 15,50.) Det vil sia at eit naturleg, ugjenfødt og ufrølst menneske vil ikkje oppleva det me har skrive om

ovanfor. Dei som dør og blir gravlagd utan Kristus, dei vil vakna opp til dom og evig pine og fortaping borte frå Gud.

Det er dei døde i Herren, dei som tok imot Kristus og levde og døydde i trua på Kristus, som skal bli oppreiste i herlegdom og leva uforgjengelege saman med han i nye himlar og på ei ny jord der rettferd bur

A. L.

ORD I DAG

— så sant dere blir ved i troen, grunnfestet og faste, og ikke lar dere rokke fra det håp evangeliet gir —.

Kol. 1,23.

La dere ikke rokke fra det håp evangeliet gir, sier apostelen. Det er et ord å ta til hjertet, og grunne på.

Evangeliet er Guds budskap til fortapte syndere om den frelse som Jesus har vunnet for oss på korset, da han betalte vår syndegjeld. Evangeliet sier at nåden er en gave som blir gitt for intet til den som setter sin lit til Jesus.

Dette budskapet tenner troen og håpet i hjertet. Troen på Jesus, at han er min frelser. Og håpet om at jeg for hans skyld skal havne i himmelen hos Gud.

La deg ikke rokke fra det håpet, sier apostelen.

Det er en nødvendig påminnelse, for det er mangt som gjerne vil kvele håpet. Når djevelen kommer og minner deg om dine gamle synder, så kan du nok erfare hva anfektelse er for noe. Da vil djevelen ha deg til å tenke: Det er ikke noe håp for meg, jeg kommer aldri hjem til Gud.

Men du må ikke la deg lure bort fra håpet, sier Guds ord. Det er ikke noe tomt og grunnløst håp, det som evangeliet gir. For det bygger på Jesu Kristi fullbrakte verk. Han har gjort alle ting vel. Den som setter sin lit til ham, skal ikke bli til skamme. Her er troens grunn, som den bygger på.

Vi har ved troen fred med Gud på grunnlag av det som Jesus har gjort *for oss* — til helliggjørelse og nytte liv. Det hører også med, det må vi ikke glemme.

Men *håpet* — håpet om å komme hjem til Gud — det bygger på det som Jesus har gjort *for oss*, ikke på det som han har gjort *i oss*. Min helliggjørelse er ingen grunn til å bygge salighetshåpet på; den er for svak til det. Men Jesu fullbrakte verk, det holder. La deg ikke rokke fra det.

Fra Carl Fr. Wisloffs andaktsbok
«Daglig brød», Lunde Forlag.

Åpenbaring

«Dette har Gud åpenbart for oss ved sin Ånd»

Åpenbaring! Ordet høres kanskje voldsomt eller mystisk ut. Men det er ikke noe bagatellmessig som skjer. Den hellige Ånd virker.

Og du skal vite: Om du ser at du trenger Jesus som din frelser, er *det* et verk av Ånden.

Så om du er i en slik situasjon at du er rent fortvilet over dine synder, så takk Herren for at du har fått se din sanne situasjon. Men *stopp* for all del ikke der. *Gå til Jesus med din synd* — og tro hans ord om at «Den som kommer til meg, skal jeg slett ikke vise bort». (Johs. 6,37)

H.C.H.

Reiseruter

for våre forkynnere i Norsk Luth. Lekm.misjon 1. halvår 1984

1. Reidar Linkjendal:

Randaberg, Nærø, Bygland, Stanghelle, Dalekvam, Norheimsund, Steindalen, Tørvikbygd, Ellindsøy. Påske: Sannidal.

2. Godtfred Nygård:

Sannidal, Askim, Ås, Varaldsøy, Brekke, Namdalens, Namsos, Bud, Viken, Elnesvågen, Fitjar, Stranda, Stord, Vikebygd, Rolvsnes, Folderøyhamn, Finnås, Suldal, Gravdal, Yndesdal, Breivik. Påske: Randaberg, Bygland.

3. Odd Dyrøy:

Til disposisjon (for tiden sykemeldt).

4. Amund Lid:

Til disposisjon. Påske: Hardanger.

5. Margrete Skumsnes:

Til disposisjon. Påske: Tysvær, Håvik.

6. Andreas Bør:

Tysvær, Håvik, Randaberg. Påske: Namdalens. Ellers til disposisjon.

Styret.